

Barne- og ungdomslitteratur i Norge 2002 Statistikkar



Statistikken over bokutgivingar for barn og unge er utarbeidd av biblioteket ved Norsk barnebokinstitutt. Biblioteket har òg sett opp eit oversyn over årleg bibliotekutlån pr. barn i Skandinavia, og eit oversyn i tal over innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge.

Statistikken dekkjer 2002. Då redaksjonen avslutta arbeidet, var tala for 2003 ikkje fullstendige nok til å danne grunnlag for ein årsstatistikk. Statistikken for 1990, 2000 og 2001 gir perspektiv til tala frå 2002. I tidlegare årbøker vil ein kunne finne statistikkar for åra f.o.m. 1996.

Bakgrunns materialet for statistikken er i hovudsak NBIs eiga boksamling, som er registrert i ein eigen database (tilgjengeleg frå www.barnebokinstituttet.no). I tillegg er det nytta ei utskrift frå *Nasjonalbibliografen* og ulike forlagskatalogar i tilfelle der NBI kjenner til utgivingane, men ikkje hadde dei med i samlinga si pr. 1.12.2003.

Utgivingsstatistikken viser talet på bøker for barn og ungdom på norsk og samisk utgitte i Norge eller av utanlandske forlag på norsk. Statistikken omfattar nye utgåver av tidlegare utgivingar, men ikkje reine opptrykk. Fagbøker for barn inkluderer ikkje skolebøker.

NBIs statistikk omfattar utgivingar som ikkje er tilgjengelege via bokhandlar, til dømes bokklubbutgivingar (m.a. Go'-boken, Tuppen og Lillemor og Penny-klubben) og utgivingar frå dei religiøse forlaga som ikkje blir distribuerte gjennom det ordinære bokhandlarnettet. Desse bokklubbane og somme av dei


religiøse forlaga har ein stor andel omsetjingar mellom utgivingane sine. Av den grunn vil NBIs statistikk kunne vise høgare tal for omsetjingar, særskilt frå engelsk språkområde, enn det andre statistikkar gjer.

NBIs statistikk over barne- og ungdomsbokutgivingar i Norge skil seg frå *Bransjestatistikken* til Den norske Forleggerforeningen, som berre omfattar utgivingar frå medlemsforlaga. Den skil seg òg frå *Norsk bokfortegnelse* som inkluderer reine opptrykk i årsoversiktene sine. Faglitteratur for barn og unge er der plassert blant faglitteratur for vaksne, slik at det berre er skjønnlitterære utgivingar ein finn i Bokfortegnelsen sitt oversyn over barne- og ungdomslitteratur.

Barne- og ungdomslitteratur fordelt etter sjanger
1990, 2000, 2001 og 2002

SJANGER/ÅR	1990	2000	2001	2002
Antologiar	6	18	7	12
Biletbøker	185	193	165	179
Dramatikk	1	1	2	1
Eventyr	11	12	10	9
Fagbøker	102	182	226	203
Lyrikk	3	9	10	5
Romanar	311	304	294	331
Songbøker	2	0	4	1
Sp. brukargr. *	3	0	0	1
Totalt	624	719	718	742

Samisk litteratur 6 14 3 25
* Bøker for spesielle brukargrupper: «følebøker», bøker med blindskrift og teiknspråk



Norsk og omsett litteratur 2001
– fordelt på nye og tidlegare utgitte tekstar

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	6	0	1	0	7
Biletbøker	36	4	110	15	165
Dramatikk	2	0	0	0	2
Eventyr	0	5	0	5	10
Fagbøker	63	4	159	0	226
Lyrikk	6	3	1	0	10
Romanar	101	29	140	24	294
Songbøker	0	4	0	0	4
Sp. brukargr.	0	0	0	0	0
Totalt	214	49	411	44	718

Norsk og omsett litteratur 2002
– fordelt på nye og tidlegare utgitte tekstar

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	3	0	9	0	12
Biletbøker	51	9	108	11	179
Dramatikk	1	0	0	0	1
Eventyr	3	0	6	0	9
Fagbøker	59	1	143	0	203
Lyrikk	5	0	0	0	5
Romanar	106	20	140	65	331
Songbøker	1	0	0	0	1
Sp. brukargr.	1	0	0	0	1
Totalt	230	30	406	76	742

For statistikk 1990, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*

For statistikk 1996–2001, sjå tidlegare årbøker

Omsetjingar fordelt på originalspråk 2001

	Arabisk	Dansk	Engelsk	Fransk	Gresk	Nederlandisk	Russisk	Svensk	Tysk
Antologiar			1						
Biletbøker		1	104	2		1		14	3
Dramatikk									
Eventyr	1			2	1				1
Fagbøker		8	127	3				17	4
Lyrikk			1						
Romanar		10	117	12		2	1	18	4
Songbøker									
Sp. brukargr.									
Totalt	1	19	350	19	1	3	1	49	12

Omsetjingar fordelt på originalspråk 2002

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Islandsk	Italiensk	Nederlandisk	Persisk	Polsk	Sarmisk	Spansk	Svensk	Tysk	Fleispråkleg
Antologiar		1												8
Biletbøker	4	87	3	3			3		3	2		11	3	
Dramatikk														
Eventyr	3			1				1		1				1
Fagbøker	2	113		4							1	19	4	
Lyrikk														
Romanar	13	117		10	1	4	1	1			1	45	12	
Songbøker														
Sp. brukargr.														
Totalt	22	318	3	18	1	4	4	2	3	3	2	75	19	9

For statistikk 1990, sjå *Årboka Litteratur for barn og unge 1998*

For statistikk 1996–2001, sjå *tidlegare årbøker*

Faglitteratur for barn og unge fordelt etter emne

	1990	2000	2001	2002
Generelle skrifter	1	1	3	4
Filosofi	2	2	4	2
Religion	21	47	52	33
Samfunnskunnskap, -orientering	7	7	7	5
Språk	1	1	3	1
Naturvitskap, økologi	33	35	44	42
Praktisk vitskap, Oppfinningar	13	13	31	31
Kunst (inkl. hobbybøker)	17	44	45	33
Litteratur	0	2	0	0
Geografi og historie	7	30	37	52
Totalt	102	182	226	209

Det totale utgivingstalet for 2002 er høgare enn for 2001 (742 i 2002 mot 718 i 2001). Talet på fagbøker for barn har gått litt ned, medan tala for biletbøker og spesielt romanar har stige. I 2001 var tilhøvet omvendt.

Nedgangen i talet på fagbøker kjem først og fremst av ein nedgang i talet på omsette fagbøker, men det er òg ein liten nedgang for nye norske fagbøker (59 i 2002 mot 63 i 2001).

Oppgangen for biletbøkene kjem av ein auke i talet på nye norske biletbøker (51 i 2002 mot 36 i 2001), mens auken i talet på romanar i stor grad kan forklarast med eit uvanleg høgt tal for tidlegare utgitte omsette titlar (65 i 2002 mot 24 i 2001).

Variasjonar i utgivingstatistikken over norsk barne- og ungdomslitteratur kjem nok i hovudsak av talet på omsetjingar. Talet for norske utgivingar har gjennom fleire år halde seg forholdsvis stabilt rundt 250, og for 2002 har vi registrert 260 utgivingar.

Øversynet over norsk og omsett litteratur er splitta opp i nye og tidlegare utgitte tekstar. Nye opplag er ikkje med i statistikken, så «tidlegare utgitte tekstar» vil seie nye utgåver av tekstar som har vore utgitt før. Denne oppsplittinga gir ei oversikt over kva typar tekstar som kjem i fleire utgåver: først og fremst romanar. Fagbøker kjem sjeldan i nye utgåver, medan 20 av dei 179 biletbøkene som er registrert for 2002 har vore utgitt tidlegare.

Samla bokutlån til barn i folke- og skolebibliotek – tal på bøker per barn

Land	1990	2000	2001	2002
Norge	16,9	14,9	15	13,4
Sverige	21,1	21,1	21,1	20,5
Danmark	68,9	50,7	59,3	53,9

Kjelder:

Norge: Årsmelding og årbok frå Statens bibliotektilsyn, Bibliotekstatistikk frå ABM

Sverige: Svenska barnboks institutet

Danmark: Center for Børnelitteratur

Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge

Norsk kulturfond blei oppretta i 1965 for å finansiere ny norsk skjønnlitteratur gjennom ei eiga innkjøpsordning. For barne- og ungdomslitteratur inneber ordninga at Norsk kulturråd kvart år kjøper inn bøker i 1550 eksemplar. Desse går til folke- og skolebiblioteka, og dei kjem i tillegg til dei bøkene som biblioteka sjølve vel å kjøpe inn. Faglitteratur var opphavleg ikkje med i innkjøpsordninga, men etter eit treårig prøveprosjekt (1996–1998) blei ordninga gjort permanent også for norsk faglitteratur for barn.

Skjønnlitteratur	1990	2000	2001	2002
Tal på utgivingar*	194	164	151	171
Påmelde	119	136	116	120
Innkjøpte	97	119	104	114

Faglitteratur	1990	2000	2001	2002
Tal på utgivingar*	21	71	63	59
Påmelde		35	26	34
Innkjøpte		13	13	16

Kjelder for innkjøpsordninga: Norsk kulturråd

* Dette er tal frå Norsk barnebok institutts statistikk. For 1990 er det teke med nye utgåver (men ikkje nye opplag) av tidlegare utgitte bøker. Frå og med 2000 er tidlegare utgitte tekstar ikkje inkludert.